JORDMORFORBUNDET
NSF

Brev til kommunestyra i Surnadal og Rindal

Følgetenesta er kritisk infrastruktur for lokalsamfunnet

Jordmorforbundet NSF ønskjer å uttrykkje sterk støtte til den følgjetenesta som gjennom mange år har vore etablert for gravide i Surnadal og Rindal.

Ordninga omfattar om lag 85 gravide årleg og sikrar døgnkontinuerleg jordmorberedskap for innbyggjarar som har om lag to timars reiseveg til næraste fødeavdeling ved St. Olavs hospital.

Den nasjonale evalueringa av følgetenesta frå 2025 konkluderer med at følgetenesta bidreg til tryggleik, medisinsk forsvarlegheit og likeverdige fødetenester for kvinner med lang reiseveg til fødestad. Evalueringa framhevar samstundes at tilgang på jordmødre er den viktigaste føresetnaden for at ordninga skal vere berekraftig. Nasjonal evaluering av følgetjenesten for gravide med lang reisevei til nærmeste fødested 2025 [Nasjonal e...ested 2025 | PDF]

For kommunane handlar dette om meir enn svangerskaps- og fødselsomsorg.

Ei robust jordmorteneste er ein viktig del av:

- kommunal beredskap
- rekruttering av unge familiar
- attraktivitet som bustadkommune
- likeverdige helsetenester i distrikta

Når unge familiar vurderer kvar dei skal bu, er tilgang til gode helse- og oppvekstttenester avgjerande. Eit trygt fødetilbod og ei velfungerande følgeteneste er ein del av dette.

Jordmorforbundet NSF oppmodar difor kommunestyra til å arbeide aktivt for å sikre langsiktig vidareføring og styrking av følgetenesta i regionen.

Dette er ikkje berre ei investering i gravide kvinner.

Det er ei investering i framtida til kommunane.

Med venleg helsing

Jordmorforbundet NSF

v/Leiar Sara Fugledal Wiik